

Prosjektplan: Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026

Bakgrunn for prosjektet:

Vestland har ei langstrakt og variert kystlinje med nær sagt uendelege moglegheiter for padling og andre formar for umotorisert ferdsel på sjøen. I tillegg er det mange vatn og vassdrag som innbyr til spennande ro- og padleopplevingar.

Fleire kommunar og regionale friluftslivsorganisasjonar i Vestland ønskjer å legge til rette friluftsliv på sjøen, og har allereie igangsett ulike tiltak og prosjekt retta mot roing og padling. For å kunne sjå dette i ein større samanheng og skape samhandling på tvers av kommunegrensar, ønsker Vestland fylkeskommune å ta ei koordinerande rolle i arbeidet med kartfesting og tilrettelegging av ro- og padleruter i Vestland. Nasjonalt er [Padleled Vestfold og Telemark](#) og [Ro og padleled Oslofjorden](#) gode døme på regionale prosjekt som kombinerer kartlegging av padlerute med fysisk tilrettelegging, og slik skapar eit betre friluftstilbod til befolkninga.

Som ein regional utviklingsaktør ønskjer Vestland fylkeskommune å legge til rette for at fleire menneskje, både innbyggjar og tilreisande, skal oppdage glede og meistring ved å ferdest i ein kajakk eller robåt og få gode natur- og friluftsoopplevingar langs vestlandskysten.

Sjølv om det er ein del padleruter som allereie er kartfesta og omtalt, er slik informasjon mangelfull mange stader i fylket. Det manglar og ei felles plattform, der informasjon om ro- og padleruter er samla. Slik det er i dag blir roing og padling fyrst og fremst ein aktivitar for dei som har tilgang på eige utstyr og har god kjennskap til sjøområda der dei ferdest. Gjennom ro- og adleprosjektet er det ønskeleg å gjere informasjon om ro- og padlemoglegheitene lettare tilgjengeleg og på den måten senke terskelen for friluftsliv på sjøen.

Ved å få ei oversikt kva som finns av ro- og padlemoglegheiter, tilrettelegging og overnattingsmoglegheiter ved sjøen, er det ønskeleg å skape eit nettverk av padleruter som til saman kan utgjere ei (eller fleire) padlelei(er) i Vestland.

Ro- og padleprosjektet kan delast inn i fire prosjektfasar: 1. kartlegging, 2. informasjon/kompetansebygging 3. fysisk tilrettelegging og 4. aktivitetsskaping

Kartlegging

Eit mål med prosjektet vil vere å samle informasjon om ro- og padlemoglegheiter på ei plattform. Som eit første steg i padleprosjektet er det difor naudsynt å gjere ei kartlegging av kva som allereie finns av informasjon og kva som manglar. Nokre padleruter er allereie kartfesta og omtala, m.a. i padlebøker, på nettsider til kommunar og friluftsråd og som turforslag på ut.no. I andre tilfelle må ein hente inn kunnskap om padleruter frå kjentfolk og lokale padleentusiastar.

I tillegg til sjølve padlerutene er det og eit mål få kartfesta informasjon om t.d. parkeringsmoglegheiter, utsettingspunkt, tilrettelegging og fasilitetar langs padleruta (t.d. toalett, tilrettelagte friluftsområde, overnattingsmoglegheiter m.m.)

Det vil og vere aktuelt å kartlegge utlånordningar for kajakk, kanoar og robåtar. Det er allereie mange aktørar som tilbyr utlån eller rimeleg utleige av kanoar og kajakkar, t.d. BUA, turlag, kommunar osv. Å samle informasjon om kor ein kan låne utstyr, vil gjere det enklare å planlegge ein padletur for dei som ikkje har eigen kano eller kajakk. Ei slik kartlegging har og eit berekraftspekt, ved at ei samla oversikt over utlån og utleigeordningar gjer det enklare å basere seg på utstyrsdeling, i staden føre at "alle" skal eige sitt eige utstyr.

Både når det gjeld å samle eksisterande kartinformasjon og å legge til ny informasjon i eit kart, er det behov for GIS-kompetanse. Eit slikt kartarbeid er tidkrevjande og det vil vere naudsynt at nokon kan jobbe målretta med dette over tid. Det jobbast med å få tilsett ein person i ei prosjektstilling relatert til prosjektet Plan for friluftslivets ferdselsårer. Dette vil forhåpentlegvis vere ein person som har god GIS-kompetanse og som og kan nyttast som ein intern ressurs i arbeidet med Ro og padleruter i Vestland. Det er naturleg å sjå arbeidet med ro- og padleruter i samanheng med

friluftslivets ferdselsårer og at kartlagde ro og padleruter registrerast i kartverket sin database for turruter.

Informasjon/kompetansebygging

Når ein er ferdig med kartlegginga og innhenta informasjon er systematisert i kart og tabellar, må informasjonen formidlast til publikum på ein hensiktsmessig måte. Formidlinga kan skje digitalt, på nett eller via mobil-appar, eller med fysiske informasjonstavler ved startpunkt for padlerutene.

I tillegg til informasjonen som allereie er nemnt i avsnitta over er det og eit ønskje å informere om kor krevjande ei padleruta er. Noregs Padleforbund har utvikla ein metodikk for å gradere ei padlerute etter vanskeleigsgrad. Denne graderinga tek m.a. omsyn til kor lang padleruta er og kor eksponert ruta er for ver og vind. Som del av prosjektet vil ei gruppe bli sertifisert for å kunne gradere ro- og padleruter i Vestland. Det vil vere naturleg at det er ei fast ressursgruppe som jobbar med dette, ettersom det krevjast opplæring i ROS-analyse og metodikk for gradering. Det er og eit poeng at graderinga blir gjort likt i heile fylket, slik at det ikkje er skjønsmessige vurderingar som gjer at det er variasjonar frå kommune til kommune i kva som t.d. vurderast som ei blå rute. Gruppa som jobbar med gradering vil vere avhengig av innspel og samarbeid med lokale ressursar som er kjent med lokale forhold når det gjeld t.d. sjøstraumar, vindforhold og andre faktorar som vil påverke graderinga.

Noregs Padleforbund held på med å utvikle ein padleapp med relevant informasjon om kartfesta padleruter. Denne appen er tenkt å omfatte heile Noreg og vil bli ein svært relevant kanal med informasjon om m.a. padleruter, gradering, tilrettelegging og tilknytte fasilitetar. Appen er tenkt lansert sumaren 2022, og vil derfor vere klar til bruk når kartlegging av ro- og padleruter tek til i Vestland til hausten. Det vil i denne samanheng vere viktig å tilpasse kartlegginga av padleruter, slik at kartlegginga utførast på ein måte som gjer det enkelt å implementere padlerutene i padleappen. Det vil og vere naturleg å nytte andre informasjonskanalar for å informere om ro- og padlerutene, t.d. UT.no og nettsidene til friluftsråda.

For å senke terskelen for padling vil det og vere aktuelt å samle informasjon om kor ein kan leige eller låne kajakk og kor det er tilrettelegging som gjer det enklare for menneske med nedsett funksjonsevne å kome seg på sjøen med ein kajakk.

Det vil og vere eit mål å auke kompetansen om ro- og padling og tilrettelegging hos aktuelle aktørar og interessentar. Slik kompetansebygging kan t.d. skje gjennom webinar/seminar om tema relatert til ro og padling, erfaringsutveksling mellom involverte aktørar i padleprosjektet og gjennom kursing i padleforbundet sin utdanningsstige.

Tilrettelegging

Sjølv om padling i utgangspunktet ikkje krev nokon form for tilrettelegging, kan ulike former for tilrettelegging gjere at padleopplevinga blir betre eller lettare tilgjengeleg. Det er naturleg å sjå føre seg ulike gradar av tilretteleggingstiltak knytt til padling. Den enklaste forma for tilrettelegging er tiltak som infotavler eller skilting, t.d. om kor ein kan parkere og sette ut kajakken. Bryggjer og utsettingsramper er meir omfattande tiltak som kan vere viktige for å gjere padling meir tilgjengeleg for nybegynnara eller personar med nedsett funksjonsevne.

I strandsona er det særskilt viktig å ta omsyn til natur- og landskapsverdiar. All fysisk tilrettelegging bør derfor utførast på ein måte som i minst mogleg grad bidreg til negativ påverknad på natur og miljø. Det mest berekraftige vil som oftast vere å bruke den tilrettelegginga som allereie finns. Å identifisere kva slags tilrettelegging som allereie finns langs ei padlerute og sjå på korleis denne tilrettelegginga kan knytast opp mot padlerutene, vil difor vere eit viktig tiltak i prosjektet. Eit døme er dei av daqsturhyttene som ligg i nærleik til sjø og vassdrag. Med relativt enkle tilretteleggingstiltak kan desse hyttene gjerast (meir) tilgjengeleg for dei som kjem padlande eller roande. Kysthytter, som friluftsråda og turlag administrere, er eit anna eksempel på infrastruktur som vil vere aktuelt å sjå i samanheng med padleprosjektet.

Som eit ledd i å legge til rette for samanhengande ro- eller padleleier der ein ror eller padlar i fleire dagar, vil det vere aktuelt å identifisere overnattingsmoglegheiter langs padlerutene. Som eit

supplement til eksisterande overnattingstilbod kan det vere aktuelt å etablere enkle overnattingskabinar for padlarar, såkalla padlehukar. Slike padlehukar vil og kunne bli sjølvstendige turmål og ha ein symboleffekt som bidreg til å skape oppmerksomheit om padling i Vestland. Det vil og vere aktuelt å legge betre til rette for telting, t.d. med toalett anna infrastruktur, på område som blir mykje nytta til overnatting.

Korleis padlehukar og anna tilrettelegging skal finansierast er nokke som på noverande tidspunkt ikkje er heilt klarlagt. Dette kjem m.a., ann på kva fylkeskommunale midlar som blir avsett til prosjektet i åra framover og kor mange kommunar som er villige til å nytte eigne midlar på slik tilrettelegging. Det vil vere naturleg at finansiering av infrastruktur og tilrettelegging blir eit spleiselag, der det m.a. ann nyttast statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar, spelemidlar og med ein kommunal eigenandel. Evt. Finansiering frå private aktørar som t.d. sparebankstiftinga vil kome i tillegg.

Aktivitet

Eit av hovudmåla med ro- og padleprosjektet er at fleire menneske skal kunne ta del i ro- og padleopplevingar langs Vestlandskysten. Ein kan gjerne sei at alle fasane i prosjektet har som felles mål å skape meir friluftaktivitet på sjø og i vatn. Turlag, friluftsråd og padleklubbar mfl. er viktige aktørar når det gjeld å legge til rette for aktivitetar i trygge og organiserte rammer.

Mål for padleprosjektet

Effektmål:

- Gjere det enklare og meir interessant for innbyggjarar og besøkande å oppleve Vestlandskysten frå kajakk, robåt o.l.
- Bidra til betre folkehelse ved å fremme roing og padling som attraktive og spennande formar for fysisk aktivitet.
- Sette fokus på eit enkelt og miljøvennleg friluftsliv på sjøen.
- Betre samarbeid om roing og padling på tvers av offentlege, frivillige og private aktørar.

Resultatmål:

- Etablere 100 ro- og padleruter i Vestland
- Etablere ei eller fleire samanhengande ro- og padleleier ved å knyte saman ro- og padleruter og legge til rette for naudsynt infrastruktur i form av overnattingsmoglegheiter, toalett osv.
- Samle informasjon og kartbeskriving av ro- og padleruter i Vestland på ei felles plattform*
- Lage ein logo og ein «merkevare» som gjer ro- og padleruter i Vestland gjenkjennelege og blir eit kvalitetsteikn på ei god ro- og padleoppleving.
- Skape gode overnattingstilbod lags ro og padlerutene ved å tilrettelegge eksisterande overnattingstilbod og supplere med padlehukar der dette er naudsynt. Padlehukane skal ha eit attkjenneleg design som brukarane assosiere med padling i Vestland.
- Gjere roing og padling meir tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne ved å etablere inntil 30 universelt utforma utsettingsbrygger/ramper for kajakk/kano.
- Legge til rette for at dagsturhytte som ligg ved sjøen enkelt kan nåast med kajakk eller robåt, der dette er hensiktsmessig.
- Gjere det enklare å finne fram til informasjon om kor ein kan låne eller leige kano, kajakk eller robåt.
- Bygge kompetanse om tilrettelegging og gjennomføring av trygge ro- og padleturar.
- Auke aktivitet og deltaking i aktivitetar i regi av turlag, padleklubbar og andre organisasjonar.

*Sjølv om det er eit mål å samle informasjon om ro- og padlerutene på ei plattform, vil det vere naturleg at det nyttast fleire informasjonskanalar for å informere om ro og padlemoglegheitene i Vestland (t.a. padleappen, ut.no, friluftsråda sine nettsider).

Prosjektorganisering

Vestland fylkeskommune har ansvar for prosjektleiing og å koordinere arbeidet med padleprosjektet med andre involverte aktører. Det vil og vere behov for at fylkeskommunen sett av ein del ressursar til arbeidet med registrering og kartlegging av padlerutar, og at nokon kan jobbe dedikert med dette over ei viss tid. Det er derfor ønskeleg å få tilsett ein prosjektmedarbeidar som kan nytte delar av si arbeidstid på eit slikt arbeid.

Kommunane

Kommunane er viktige samarbeidspartnarar og har ansvar for å innhente informasjon om padlemoglegheiter og tilrettelegging lokalt. Alle kommunane i Vestland vil få tilbodet om å vere med i padleprosjektet, men dette føresett at kommunane og har moglegheit til å bidra i prosjektet med kompetanse og ressursar, t.d. i samband med fysisk tilrettelegging.

Mange kommunar i Vestland er i gang med å lage ein plan for friluftslivets ferdselsårer, og enkelte kommunar har valt å ha eit fokus på padleruter i dette prosjektet. Å inkludere padleruter i ein plan for friluftslivets ferdselsårer vil vere ein hensiktsmessig måte for kommunane til å kartlegge padleruter og planlegge kva som er behova når det gjeld evt. tilretteleggingstiltak.

Andre samarbeidspartnarar og deira rolle i prosjektet:

Friluftsråda

Friluftsråda er viktige samarbeidspartnarar både når det gjeld kartlegging av padlemoglegheiter, informasjon og fysisk tilrettelegging. Friluftsråd har god kjennskap til kystområda og veit mykje om kor folk ferdest og kor det er egna for robåtar og kajakk. Særleg Bergen og omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest forvaltar mange kystnære og tilrettelagde friluftsområde, som det er naturleg å sjå i samanheng med padleprosjektet. Ettersom friluftsråda er ulikt organisert og har ulike driftsmodellar vil det vere ulikt i kor stor grad dei vil ha moglegheit til å involvere seg i prosjektet og kva dei kan bidra med.

BOF har i fleire år jobba med tilrettelegging for padling og har og gitt ut boka Padleturer i Bergensområde. Her er det skildra padleruter i mange av kommunane i tidlegare Hordaland. BOF har og kjøpt rettane til teikningar til ein padlehuk, og er i gang med produksjon og utplassering av desse. Mange av friluftsområda som BOF driftar ligg ved sjøen, og det vil vere naturleg å sjå desse i samanheng med padleruter og t.d. tilrettelegging for overnatting. BOF har og ein administrasjon med ressurspersonar når det gjeld padling og GIS/kartarbeid.

På bakgrunn av BOF sin kompetanse og erfaring når det gjeld tilrettelegging og kartfesting av padleruter vil dei vere ein særleg viktig samarbeidspart i prosjektet

Turlaga

DNT tilbyr kursing i padling og arrangerer fellesturar med kano og kajakk. Turlaga har og eit stort nettverk av ressurspersonar som kan bidra med m.m. informasjon om padlemoglegheiter. Både Bergen og Hordaland turlag og Sogn og Fjordane Turlag satsar dessutan på kystfriluftsliv og har både fellesnaust for kajakk og overnattingsplassar langs sjøen. Som ein del av ro- og padleprosjektet vil det vere aktuelt å sjå nærare på korleis turlaga sine tilbod og overnattingsfasilitetar kan knytast opp mot ro- og padleruter og samanhengande ro- og padleleier.

Noregs Padleforbund

Padleforbundet har hatt prosjektleiinga for Ro- og padleled i Oslofjorden og har med det god erfaring i frå tilsvarende prosjekt som det Vestland no skal i gang med. Padleforbundet har sagt seg villig til å bidra med kompetanse og ressursar i eit ro- og padleprosjekt i Vestland. Det vil vere naturleg å samarbeide med padleforbundet m.a. om gradering av ruter og med implementering av padleruter i Vestland i den komande padleappen. Padleforbundet har og ein oversikt over lokale padleklubbar, som har mykje kunnskap om m.a. kva som er behova når det gjeld tilrettelegging og informasjon om padleruter.

Andre aktuelle aktører

Alt etter kva fase i prosjektet ein jobbar med og kor langt ein er kome i dei ulike fasane, vil det vere aktuelt å involvere ulike aktører/samarbeidspartnarar. Tidleg dialog med statsforvaltar og byggesaksavdelinga i dei aktuelle kommunane vil t.d. vere viktig ved gjennomføring av fysisk tilrettelegging som krev byggehandsaming.

Lokale turlag og padleklubbar vil vere viktige ressursgrupper som ein kan involvere i prosjektet ved behov, t.d. når det gjeld kartlegging og gradering av padleruter, Turlaga og padleklubbane står og for gjennomføring av kurs og andre aktivitetar, og er slik viktig for rekruttering og kompetanseheving.

Det vil og vere viktig å involvere reiselivsaktører og næringslivsbedrifter som jobbar med t.d. guiding og utleige av kanoar og kajakkar. I tillegg til at slike aktører kan ha mykje relevant informasjon for prosjektet, er det og viktig å kommunisere at Ro- og padleruter i Vestland ikkje er tenkt å skulle konkurrere med kommersielle tilbod, men er tenkt å bli ein infrastruktur knytt til roing og padling, som og dei kommersielle aktørane kan nytte seg av.

Varighet på prosjektet

Om ein skal ha ambisjon om å kartlegge, beskrive og tilrettelegge padlerutar i heile Vestland, må prosjekt strekke seg over fleire år. Innleidningsvis vil det vere mest fokus på kartlegging og tilgjengeleggjering av informasjon om padlerutene, mens det i ein seinare fase vil fokuserast meir på fysisk tilrettelegging og det å knyte padlerutene saman til ei eller fleire samanhengande padleleier.

Føreslege prosjektperiode: 2022 – 2026.

Organisering

Styringsgruppe – t.d. leiar i Vestland fylkeskommune, leiar i ein kommune, frivillig sektor

Arbeidsgruppe – Vestland fylkeskommune, 2-3 kommunar, turlag, friluftsråd, padlekrets/forbund

Ressursgruppe – kompetanse vert henta inn ved behov, turlaga, friluftsråd, padleklubbar, Statsforvaltaren i Vestland. Interne ressursar i Vestland fylkeskommune m.a. kulturminne, veg, plan, interesseorganisasjonar, reiselivsaktører.

Lokale prosjektgrupper – kommunar, turlag, padleklubbar, friluftsråd

Budsjett og gjennomføring for 2022

Prosjektet vil følge dei ulike fasane for prosjektgjennomføring i Prosjektvegvisaren frå Digitaliseringsdirektoratet. I vedlagt figur visast ei tidslinje for kor tid dei ulike fasane tenkast gjennomført. Så langt i 2022 er det blitt jobba med dei to første fasane i prosjektvegvisaren; definere eit konsept og planlegging av prosjektet. I andre halvdel av året vil prosjektet på inn i gjennomføringsfasa.



I årets budsjett er det frå Vestland fylkeskommune avsett 1,2 mill. kr til prosjektet. Desse midlane vil nyttast til å starte på dei to fyrste delfasane i gjennomføringsdelen av prosjektet: Kartlegging og Informasjon/kunnskapsheving.

Kr. 400 000 av budsjetterte midlar avsettast til utgifter i samband med planlegging av prosjektet, innhenting av kunnskap og kompetanseheving internt i prosjektorganisasjonen. Av desse midlane kan det og vere aktuelt å nytte ein del til frikjøp av sentrale ressurspersonar i samband med opplæring og gjennomføring av ROS-analyse/gradering av padleruter.

Dei resterande 800 000 kr vil lysast ut som tilskot til kommunar og friluftsråd som ønskjer å kartlegge og legge til rette for ro- og padleruter. Vilkår for å kunne søke på tilskotet vil vere at kommunane tar del i Prosjektet Ro- og padleruter i Vestland og startar arbeidet med å kartlegge ro- og padleruter som er relevant for prosjektet. For å sikre brukarmedverking og involvering av lokale ressurspersonar, bør kartlegginga i kommunane gjerast i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Det opnast og for at friluftsråda kan søke på tilskott til kartlegging på vegne av deira medlemskommunar.

Som ein del av kartlegginga er det ønskeleg at kommunane og kartlegg tilretteleggingstiltak og infrastruktur som er relevant for ro- og padlerutene. Dette kan t.d. vere parkeringsplassar, utsettingsbrygger/rampe, toalett, overnattingsmoglegheiter og utlån/utleige av utstyr. Kartlegginga av ro- og padleruter må innehalde tilstrekkeleg informasjon til at rutene kan graderast og implementerast i padleforbundet sin padleapp og andre relevante informasjonskanalar som t.d. Ut.no.